

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Såmannssøndagen - 16. februar 2014

Preiketekst: Luk 8,4-15

Lesetekst I: Jes 55, 8-13

Lesetekst II: Hebr 4,12-13

Høyr Guds ord

Dagen

Søndag Seksagesima, den sekstiande dagen før påske, hadde tidlegare Såmannssøndagen som undertittel – og dette vart så namnet på dagen. Dagens preiketekst har eit tydeleg fokuspunkt: Jesu avslutning av den offentlege talen i v.8: *”Den som har øyre å høyre med, høyr!”*

Tekstane ber i seg appellen til å ta Ordet på alvor, ta det til seg på rett vis. Dermed er retninga gjeven for forkynninga denne dagen.

Samstundes står dagen midt i openberringstida, ei særleg misjonstid i kyrkjeåret. Vi kan difor godt føye til ei bøn for Ordet sin inngang hos folkeslaga og *”det folk du gav dine lovnader i den gamle pakt”*- som det vert uttrykt i eit av ledda i forbøna i gudstenesta.

Ord om Ordet

På såmannssøndagen handlar det om Guds ord i alle tekstar. Det er ord om Ordet, om Ordet sine eigenskapar og det som det utrettar. Slik er tekstane nærast for *metaspråk* å rekne – refleksjonar over fenomenet Guds ord. Profeten Jesaja, Jesus sjølv og forfattaren av Hebrearbrevet er opptekne av Guds ord sin funksjon og verknad. Lukas tek i sitt evangelium mål av seg til å overtale Teofilus og andre lesarar om sanninga i tradisjonen. Evangeliet må formidlast, muntleg og skriftleg, for at menneske skal komme til tru.

Likninga om såmannen har alle synoptikarane med. Ei stor folkemengd er samla, og Jesus brukar ei likning som underforstått handlar om tilhøyrarane. Kanskje tenkte og sa dei seg imellom slik det er referert frå ein annan situasjon: *”Dette er underleg tale.”*

Så tek han læresveinane inn i det indre rommet, der løyndommar vert openberra. Guds ord er *i seg sjølv* en løyndom som må openberrast – og her er det løyndommen *om* Guds ord som er saka.

- Jesu likningar er ”gåter” og løyndomsfull tale, som ikkje vert forstått av kven som helst.
- Folkemengda får del i likninga, læresveinane får tolkinga.
- Den som har sans for det Gudsriket gjev, kan gripe innhaldet, gripe evangeliet.

Ei likning har vanlegvis eitt hovudpoeng, medan allegorien kan tolkast i fleire ledd. Likninga om såmannen er bygd opp med fleire tolkingspunkt, men med eitt hovudpoeng.

«Den som har øyre å høyra med, høyr!»

Når Jesus vil peike på alvoret ved å *høyre utan å lytte*, kling profetord i bakgrunnen. Det er ikkje noko nytt at dette folket ikke tek imot Herrens tale.

”Menneske, du bur midt i ei trassig ætt som har auge å sjå med, men ikkje ser, og øyre å høyra med, men ikkje høyrer, for ei trassig ætt er dei.”(Esek 12)

”Gå og sei til dette folket: De skal høyra og høyra, men ikkje skilja, sjå og sjå, men ikkje skjøna!” (Jes 6)

- Gjennom Gudsfolket si historie har Gud hatt strev med å vinne gehør. Det er *”resten”* i folket, dei stille i landet, som tek imot og er lydige mot Herren, slik også Paulus bekreftar det når han i Rom 9-11 skriv om Israels folk og deira forhold til evangeliet.
- I den store folkemengda ser Jesus menneskehjarta – dei som trur og dei som berre er interesserte.
- Heller ikkje i dag er det fleirtalet som lyttar seg frelst. Å vere søkande har ofte vel så høg status som å finne fram.

Å vurdere jordsmonnet

bør ein klok såmann gjere, slik at ikkje verdfullt såkorn går til spille. Men denne såmannen tek ikkje slike omsyn. Han har rikeleg å ta av, og han vil gi alle ein sjanse. Jesus viste med sitt eksempel at han ville at Guds ord skulle spreia på alle slag jordsmonn, han underviser breidt: enkeltpersonar, utstøytte og standspersonar, læresveinar og folkemengder, farisearar og tollarar – utan å gjere skil på folk.

I utgangspunktet har alt såkornet same spirekrafta, men det hjelper ikkje, dersom ikkje vokstervilkåra er til stades.

Likninga handlar om Ordet – og likninga handlar om menneska:

- Inndelinga i fire ulike jordsmonn blir lett tolka som at det fins fire kategoriar tilhøyrarar – ja, for felles for alle, er at dei høyrer.
- Men det er verd å tenke på at også kvar og ein av oss kan vere ein variabel åkerteig. Vi er ikke like mottakelege for Guds ord inn i alle område av livet, sjølv om vi reknar oss som Jesus-truande menneske.
- Kanskje vi dermed har nok med å identifisere vår eiga hjartejord, i staden for å peike på kvarandre. På frukta skal treet kjennast, på kornakset skal vokstervilkåra kjennast, på Andens frukt skal kristenmennesket kjennast.

Det harde hjarta – og det ”fine og gode”

Kva er det som skapar harde hjarte – ja, forherda hjarte? Og kva er det som gjer hjarte ”fine og gode”?

Dette er ytterpunktene i likninga.

- Fuglane plukka opp kornet som var sådd på steingrunnen – djvelen veit å fjerne påvirkning av Guds ord. Likesæle eller aktiv motstand – begge deler gjer menneske uimottakelege for budskapet frå Gud. Bibelen seier at det kan vere vegen til forherding. Også det fortel GT noko om – til dømes i songen om Herrens vingard, Jes 5.
- På den andre sida vert ikkje eit einaste menneskehjarte ”fint og godt” i Guds auge utan at han får nyskape det. *”Eg gjev dykk eit nytt hjarte, og ei ny ånd gjev eg inni dykk. Eg tek steinhjartet ut or kroppen på dykk og gjev dykk eit kjøthjarte i staden. Og min Ande gjev eg inni dykk og gjer at de følgjer forskriftene mine, held lovene mine og lever etter dei.” (Esek 36)*

Mellom desse nemnde ytterpunktene kan mange kanskje kjenne att si trus-historie og sine erfaringar gjennom livet:

Tørkeskada

Nå du ser dei skrinne, brune vegkantane i eit sommarvarmt Israel, vil du knapt kjenne att landskapet der det spirte grønt overalt under vinterregnet. Det såg då så lovande ut.

- Mange i vårt land hadde sine første erfaringar med kristen tru i Laget eller Ten Sing. I ungdommeleg begeistring øvde dei seg i å bere fram fine vitnemål. Dei lærde seg det kristeleg språket, og det låg ekte engasjement bak når dei av opptekne av å ”få fleire med” – som var parolen. Det var bøn og det var innsats for andre si frelse. Det såg så lovande ut. Ikkje alle desse er aktive kristne i dag.
- Andre kan ha opplevd ei forkynning der alvoret vart presentert, og det hasta med å ta sitt standpunkt og vedkjenne det – eller ei forkynning pakka inn i lovsong som gav gode kjensler og lyst til å høyre til. Heller ikkje alle desse er å finne i det kristne fellesskapet lenger.
- ”Begynt er ikke endt, det merk i tide. Du som har Jesus kjent, bli ved å stride,” står det i songen.
- Å bli rotfesta og grunnfesta krev kunnskap og tid til modning. Trusopplæring må gi livslang læring og næring – gjennom ord og sakrament.

Klungerkratt

og anna ugras har ofte den eigenskapen at det greier seg på skrin jord, og tek dermed lett over for kulturplanter.

- Det er verd å merke seg at både sorger og gleder kan ta for mykje plass og fokus: *”Det som fall mellom klunger, er dei som vel høyrrer ordet, men som på vegen gjennom livet blir kvelte av sorger og rikdom og nytingar så dei ikkje ber fullmogen grøde,”* seier Jesus.
- I seg sjølv er ikkje korkje bekymring eller det å nyte Guds gode gåver syndig – det handlar om kva som får prioritet i livet. Ver heilhjarta, søk først Guds rike, seier Jesus. Ingen kan tene to Herrar.

I dag

Til ei kvar tid lyder Guds ord mange stader i vår verd - til millionar av menneske. Nokre høyrrer det for første gong. Andre kan ha høyrrt det så lenge at det har slutta å gjere inntrykk. Ordet lyder i katedralar og palmehytter, i massemedia og i personlege samtaler. Det vert formidla muntleg og skriftleg, av gode predikantar og av hjelpelause predikantar.

Såmenn og metodar varierer, - men såkornet har enno spirekraft og skapar det det nemner. I utgangspunktet har alt såkornet same spirekrafta, men så var det vokstervilkåra, då.

Det verkar som Jesus appellerer til den enkelte om å stille seg open og lyttande. Det kan vere ei åndeleg øving, men også svært så praktisk og konkret: Å bruke vilje og sjølvdisiplin til å oppsøke forkynninga, sjølv om sofaen eller andre aktivitetar lokkar.

Annbjørge Eiksund Hesselberg

Pensjonist, tidlegare misjonssekretær i Israelsmisjonen; og fleire år medlem av Landsstyret.

annbjorg.hesselberg@ntebb.no